
Saknr: 2020/241-4
Saksbehandlar: Ruth Ørnholt

Saksgang

Utval	Utv.saknr.	Møtedato
Hovudutval for kultur, idrett og integrering		19.05.2020
Fylkesutvalet		28.05.2020
Fylkestinget		09.06.2020

Bokbåtdrift i Vestland fylke

Forslag til innstilling:

1. Vestland fylkeskommune sin bibliotekpolitikk har som føremål å støtte og utvikle regional infrastruktur og tenester, jamne ut forskjellar mellom biblioteka, og gje grunnlag for fagleg utvikling og gode nettverk i samarbeid med kommunane i heile fylket.
2. Vestland fylkeskommune avsluttar bokbåtenesta etter vårsesongen 2020. For å utvikle mobile bibliotektenester i heile fylket, vert det etablert ei tilskotsordning til interkommunale og kommunale tiltak, td bokbussar.
3. Fylkestinget vil prioritere tiltak med utjamnande effekt, mellom anna ved å etablere tilskotsordningar som støttar fornying av biblioteklokale, tilskot til interkommunale prosjekt og kompetanseheving i samarbeid med kommunane.

Samandrag

I samsvar med vedteken politikk, skal alle innbyggjarane i fylket ha tilgang til eit godt bibliotektilbod i rimeleg avstand frå der dei bur. Fylkeskommunen arbeider difor med å jamne ut ulikskap i tilbodet, med særleg vekt på bibliotekutvikling i kommunane og støtte til infrastrukturtiltak. Omfanget og innretninga av mobile bibliotektenester er viktig for å sikre eit likeverdig tilbod i by og distrikt. Dette har også vore grunngevinga for bokbåtenesta, ei mobil bibliotekteneste i mange av kommunane i sørdelen av fylket, dvs tidlegare Hordaland. Endringar i demografi og kommunikasjonsmønster gjer at behovet for denne tenesta er annleis enn ved etableringa i 1959.

Avtalen med leverandøren av tenesta gjekk ut våren 2020. Å oppretthalde bokbåten inneber kjøp av ei teneste som aukar bokbåten sitt geografiske verkeområde til å dekke heile Vestland, har universell tilgjenge, og låg- og utsleppsfrie løysingar. Det er fylkesrådmannen si vurdering at det innanfor gjeldande rammer ikkje er rom for å vidareføre tenesta med slike krav utan at ein reduserer løyvingane til andre bibliotekføremål. Dette vil gå ut over det samla bibliotektilbodet og samarbeidet med dei kommunane der båten ikkje har stoppestader.

Etter ei samla vurdering rår fylkesrådmannen til at bokbåtenesta vert avslutta og erstatta med andre utjamnande tiltak og ordningar på feltet, og som er gjeldande i heile Vestland fylke.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Per Morten Ekerhovd
fylkesdirektør

Vedlegg: Ei kort bokbåtsoge 1959-2020

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor ingen handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Fylkesutvalet i Hordaland vedtok 28.03.2019 å lengje avtale om drift av bokbåten i Hordaland til 31.12.2019 i samsvar med gjeldande budsjett.

I budsjettvedtaket i Vestland fylkesting i desember 2019 heiter det i verbalpunkt 7:

Bokbåten: «Møre og Romsdal fylkeskommune har sagt opp avtalen med Bokbåten. Samarbeidspartia er einig om at ein ønskjer å vidareføre bokbåten for 2020, og ber om ei sak der pris og formalitetar blir klargjort. Løyvinga for Bokbåten ligg til bibliotekenesta, og blir ikkje omdisponert til anna bruk før denne saka er behandla.»

Bokbåten er pt drifta av fylkeskommunen i samarbeid med Alver kommune, tidlegare Lindås kommune. Fylkeskommunen forlenga avtale om leige av bokbåten frå Vinnes skyssbåtservis frå 01.01.2020 - 01.06.2020 og planla turne i Hordaland i tidsrommet 3.03 - 25.03.2020. På grunn av korona-pandemien vart turen avslutta 12.mars.

Våren 2020 skulle bokbåten etter planen vitje 51 plassar i tidlegare Hordaland og ein plass i tidlegare Sogn og Fjordane i løpet av 23 dagar, inkludert 2 dagar til lasting og lossing. Budsjettet for varturen var på kr 816 000, inkludert leige av båt, kjøp av tenester til drift, personalkostnader, kulturprogram og bokbudsjett.

Pris og formalitetar

Gjeldande avtale kan ikkje lengjast. Dersom drifta skal halde fram, må difor vidare leige av båt leggast ut på anbod. I anbudet bør det, slik fylkesrådmannen vurderer saka, stillast krav til miljøvenleg drift (låg- og utseppsrie løysingar) og universell tilgjenge. Avhengig av utfallet av slik prosess, kan tenesta tidlegast starte opp att våren 2021.

Eit estimat for drift av bokbåten i heile Vestland fylke, basert på noverande avtale om leige av båt, vil gi ei årleg kostnad på kr 2,350 mill. Andre kostnader, som følgje av nye miljøkrav og universell tilrettelegging, kjem i tillegg. Det same gjer tapet av dei stordriftsføremonene ein tidlegare hadde i og med at Møre og Romsdal fylkeskommune ikkje lenger er del av samarbeidet.

Lovverk og planar - det nye bibliotekoppdraget

I følgje folkebiblioteklova skal alle kommunar ha eit folkebibliotek. Fylkeskommunen skal ta i vare regionale bibliotekoppgåver og regional bibliotekutvikling, gi råd til lokale styresmakter, yte bibliotekfagleg rettleiing og assistanse, og arrangere møte og kurs om bibliotekspørsmål. I følgje Opplæringslova skal elevane ha tilgang til skulebibliotek. Som skuleeigarar, er dette både eit kommunalt og eit fylkeskommunalt ansvar.

Regional plan for kultur i Hordaland 2015 - 2025 har mål om at alle innbyggjarar bør ha eit godt bibliotektilbod i rimeleg avstand til der dei bur. Regional plan for kultur i Sogn og Fjordane 2019 - 2027 har *Kultur for alle* som overordna mål.

Det moderne og digitale samfunnet utfordrar og endrar bibliotekenestene, mellom annan ved at nettenester gjer bibliotektilbodet tilgjengeleg uavhengig av tid og stad. Digitale tenester opnar nye moglegheiter for deltaking. I ein periode der alle bibliotek er stengt, har folkebiblioteka utvikla fleire digitale tenester og fått løyving frå stat og fylke til innkjøp av e-bøker og til digital formidling.

Det digitale samfunnet aktualiserer biblioteket si rolle som rettleiar og formidlar i havet av kulturuttrykk og informasjon. Biblioteket som møtestad og ein stad å møte andre meiningar og kulturuttrykk enn eins eigne, er meir aktuelt enn nokon sinne.

I januar 2014 vart føremålsparagrafen i folkebiblioteklova endra. I tillegg til å fremje opplysning, utdanning og anna kulturell verksemd ved å stille bøker og andre media gratis til disposisjon for alle som bur i landet, skal biblioteket drive aktiv formidling og vere ein uavhengig møtestad og arena for offentleg samtale og debatt. Lovendringa aktualiserer biblioteket som fysisk rom og stad. I biblioteket kan vi møte kjenningar, men også observere og samhandle med ukjende - og folk som gjerne er annleis enn oss sjølv. Lovendringa har fokus på biblioteket som demokratisk arena, som sikrar ytringsfridom og legg til rette for ein open og opplyst samtale. Folkebiblioteka har låg terskel og er arenaer for inkludering og integrering.

Lovendringa er følgt opp med ei mengde arrangement i biblioteka, som foredrag, kurs, verkstader, debattar, teater, forfatterbesøk, opplesingar osv. Folkebiblioteka er blitt styrka som kulturarena, og

har mange plassar blitt lokale litteratur- og debatthus. Den fysiske staden og rommet folkebiblioteka konstituerer, har fått eit konkret oppdrag og ei ny legitimitet gjennom endringane i Lov om folkebibliotek.

Mobile bibliotektenester

Mobile bibliotektenester, td bokbuss og bokbåt, gir tilgang der det er liten eller inga bibliotekdekning. I dei mobile biblioteka møtast folk og det er arrangement, om enn i mindre skala og sjeldnare enn i vanlege bibliotek. Det mobile biblioteket er ei tilleggsteneste som styrkar ordinært bibliotektilbod. Det er viktig for å supplere den varierende kvaliteten på skulebibliotek og er eit hensiktsmessig verkemiddel for å nå ut til mange og bidra til betre lesekunnskap blant barn og unge. Mobile bibliotektenester når særleg barn og unge i grisgrendte strom. Tenesta kan formast som eit fylkeskommunalt tilbod om bokbåt eller tilbod om ein bibliotekbuss, som er drifta av fylkeskommune, kommune eller i eit interkommunalt samarbeid

Dei siste 20 åra har det vore ei halvering av mobile bibliotektenester i Norge. Sentralisering og auka mobilitet i befolkinga er truleg noko av grunnen saman med auka tilbod om og bruk av nettenester.

Dei er også biletet i Vestland fylke. Talet på bibliotekavdelingar i Vestland blir gradvis redusert. I Hordaland er talet på bokbussar redusert frå 12 på det meste, til 4. Det er fleire årsaker til dette, men det er krevjande for mange kommunar å finne rom til å investere i ny bokbuss, når den gamle er utsliten. Kvinherad, Osterøy, Alver og Voss har kommunale bokbussar med ca. 100 stoppestader. Talet på bokbåtstopp har vore stabilt på vel 50 i 22 kommunar. Tidlegare Sogn og Fjordane har ingen bokbussar og berre eit bokbåtstopp i Gulen.

Særleg mange av dei minst mobile gruppene, som barn og eldre, har lang veg til biblioteket. Ei løysing er tettare samarbeid med t.d. skulebiblioteka og utvikling av mobil bibliotekverksemd.

Fylkeskommunale tilskotsordningar

Fylkeskommunen utjamnar forskjellar mellom dei kommunale folkebiblioteka gjennom ulike tenester, m.a. ved å organisere og delfinansiere ei transportordning mellom biblioteka i fylket og eit konsortium for innkjøp og utlån av e-bøker og andre elektroniske ressursar.

I Regional plan for kultur i Hordaland er det eit prioritert tiltak (Innsatsområde 29) å støtte modellbibliotek, fornying av biblioteklokale, «meiropne» bibliotek og nye bibliotekbussar. Gjennom modellbibliotekprogrammet har fylkeskommunen sidan 2014 gitt støtte til 20 bibliotek. Programmet har ført til eit løft for biblioteka og tydleg auke i bruken. 11 av biblioteka er meioropne. Det er til no i planperioden ikkje funne rom for å gi støtte til investering i bibliotekbussar i kommunane

Ved samanslåing av fylka i 2020, auka fylket sin del av transportavtalen med 0,5 mill. kr. og tilskot til interkommunale prosjekt og kompetanseheving vart tatt ut av budsjettet. Tilskot til utvikling av biblioteklokale gjennom Modellbibliotekprogrammet har i 2020 blitt omdisponert til digital formidling og innkjøp av digitale ressursar. Jf vedtak i KULII 03.04.20 (PS 45/2020) heiter det at det er ønskjeleg at det ordinære modellbibliotekprogrammet gjenopprettast i 2021.

Budsjettet til bibliotekføremål er i 2020 på kr. 12 619 000. Av dette er kr 9,908 mill. bundne til løn, personalkostnader og husleige. I tillegg er 1, 3 mill. kr bunden i fylket sin del av transportavtalen.

Vidare bokbåtdrift i heile Vestland fylke har ein prislapp på minimum 2,4 mill. kr. Det ikkje dekning for dette innanfor vedtekne rammer til bibliotekføremål. Slik fylkesrådmannen vurderer det, er det heller ikkje ei primæroppgåve for fylkeskommunen å drifte ordinære bibliotektilbod. Dette er ei oppgåve som ligg til kommunane, jf folkebiblioteklova.

Ved nedlegging av bokbåten er det mogleg å opprette ei tilskotsordning til kommunale bokbussar og vidareføre modellbibliotekprogrammet. Det kan også vurderast om auka tilskot til e-bøker og digital formidling og om det skal opprettast tilskotsordningar til interkommunale prosjekt og kompetanseheving. Dette vil ein kome attende til i budsjettprosessen for 2021.

Vedtakskompetanse

Fylkestinget

Vurderingar og verknader

Økonomi: Vedtak om vidare drift vil ha vesentlege økonomiske konsekvensar grunna nye behov som medfører ny anbudsprosess, og salderinga av kostnader ved omfordeling av ressursar som i gjeldande budsjett er sett av til andre bibliotekføremål, inkludert lovheimla oppgåver. Vedtak i samsvar med fylkesrådmannen si innstilling gjer at andre utjamnande bibliotektiltak kan prioriterast innanfor gjeldande budsjetttrammer.

Klima: Ikkje relevant

Folkehelse: Tilgang til bibliotek er ein del av det ålmenne fokehelsearbeidet

Regional planstrategi: Tiltaket følgjer opp satsingar i Regionale kulturplan i Hordaland 2015-2025 og Regional plan for kultur i Sogn og Fjordane 2019 - 2027

Konklusjon

I samsvar med lovverk og gjeldande kulturplanar bør alle innbyggjarane i Vestland ha tilgang til eit godt bibliotektilbod i rimeleg avstand frå der dei bur. Omfanget og innretninga av mobile bibliotektenester vil vere viktig for å sikre eit likeverdig tilbod i Vestland fylke. Fylkesrådmannen legg til grunn at Vestland fylkeskommune sitt pågåande arbeid med å utjamne forskjellar i bibliotektilbodet vert ført vidare, med særleg vekt på bibliotekutvikling i kommunane og støtte til infrastrukturtiltak, men at ein ikkje tek på seg kommunalt ansvar for å drifte bibliotek.

Ved å avvikle bokbåtenesta, kan fylkeskommunen ved omprioritering utvide sine støtteordningar til bibliotek i kommunane, td ved å etablere relevante tilskotsordningar med utjamnande effekt. Dette kan vere investeringstilskot til kommunale eller interkommunale bokbussar og tilskotsordningar som støttar fornying av biblioteklokale, tilskot til interkommunale prosjekt og kompetanseheving. Dette vert del av vidare budsjettprosess.